

**SAMARBEIDSAVTALE
OM
DRIFT AV BÅT- OG FERJESAMBAND
I
BREVIK**

mellom

Porsgrunn kommune

Org. nr. 939 991 034

og

Telemark fylkeskommune

Org. nr. 929 882 989

1 BAKGRUNN

Telemark fylkeskommune (TFK) og Porsgrunn kommune (PK) har i fellesskap løyst drifta av båt og ferjesambanda i utvida eigenregi gjennom Brevik fergeselskap IKS.

Som følge av endra statlege rammevilkår, har fylkeskommunen bestemt at fylkesvegstrekingane skal løysast i eigenregi av fylkeskommunen sin administrasjon, eller eit fylkeskommunalt føretak (FKF). Dette for å sikre stabile rammevilkår for drift av båt og ferjetilbodet for innbyggjarane, og at det er betre samsvar mellom styring, ansvar og risiko.

Denne avtala supplerer avtala om finansiering av landbasert infrastruktur inngått mellom Porsgrunn kommune og Vestfold og Telemark fylkeskommunen 20.06.22. Der fordeling av driftskostnadane er omtala i pkt. 6.

2 FORMÅL

Begge parter ønskjer å tilby innbyggjarane eit variert tenestetilbod innafor PK og TFK sitt ansvarsområde, på ein kostnadseffektiv måte. Det skal løysast ved å tilby båt og ferjeruter i Brevik, for fastbuande, næringsdrivande og turistar. Ferjetilbodet skal stø opp rundt kravet til lovpålagt skuleskyss. Samarbeidsavtala skal bidra til å avklare driftsansvar, oppgaver og finansiering av driften av rutetilbudet.

Dette er et samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunen for å få løyst ein felles offentleg oppgåve, der begge parter har plikter og ansvar. Ferjedrifta er ein aktivitet som fylkeskommunen og kommunane vel å tilby for å ha eit heilskapleg kollektivtilbod, betre tryggleik og fordi kommunen oppnår fordelar ved meir effektiv gjennomføring av sine lovpålagte tenester. Både fylkeskommunen og kommunen har mål om å støtte opp om busetting, rekreasjon og næringsliv i skjergarden.

3 KVA TENESTER SAMARBEIDSAVTALA OMFATTAR

Tilby bilferje på den kommunale vegstrekingen Brevik-Bjørkøya, som en del av fylkesvegsambandet i Brevik. Og turistrute med passasjerbåt i skolens sommerferie til øyene utenfor Brevik. Passasjerbåten er reservefartøy for bilferga.

Ekstra avgangar ut over minimumskrav til tilbodet, rutetilbodet tilpassast etterspørselen frå fritidsreiser, reiseliv og turistar.

Det skal gjennomførast minimum to samarbeidsmøte om rutetilbodet - eitt i fyrste kvartal for sumarrutene, og eitt i tredje kvartal for vinterrutene. I forbindelse med samarbeidsmøtene kan det innhentes uttalelse om rutetilbudet fra representanter fra øysamfunnene.

4 KVA SOM IKKJE ER OMFATTA

Denne avtala omfattar ikkje investering i og drift og vedlikehald av kaier og vegstrekingar, som båtane og ferjene trafikkerer, dette er vegeigar sitt ansvar.

Avtala omfattar heller ikkje sjølve ferjeselskapet (Brevik fergeselskap IKS) og eigarskapet til dette.

5 PORSGRUNN KOMMUNE SINE PLIKTER

PK plikter å stille følgande kommunal infrastruktur for båt- og ferjedrifta:

- Opplagskaia for passasjerbåten, frem til Brevik fergekai blir klargjort for dette.
- Ferjekaia på Bjørkøya som er ein del av vegsambandet Brevik-Bjørkøya.
- Brygge på Siktesøya, Løvøya, Oksøya, som ein del av båtruta på sommerstid.
- Brygge på Sandøya frem til Sandøya fergekai blir klargjort for å håndtere passasjerbåten.

PK kan ikkje krevje anløpsavgiftar eller anna vederlag for fylkeskommunens bruk av den kommunal infrastrukturen nevnt over. Dette gjeld likevel ikkje gebyr og avgifter etter lov om hamner- og farvatn. PK har i formannskapssak 26/20, jfr. bystyresak 17/20, gitt Grenland Havn IKS myndigheit til å forvalte kommunens sjøområder i medhald av lov av 21. juni 2019 nr. 70 om hamner og farvatn. PK har drifts- og vedlikehaldsansvaret for egen infrastruktur.

PK skal på oppdrag fra fylkeskommunen administrere en eventuell oblatordning i sommersesongen for fastboende.

6 TFK / TFK FKF SINE FORPLIKTELSER

TFK skal stå for drifta av båt- og ferjetilbodet i eigenregi eller gjennom eige FKF. TFK har det overordna ansvaret for å tilby kollektivtransport og skoleskysst.

TFK plikter å stille følgende fylkeskommunal infrastruktur for båt- og ferjedrifta:

- Brevik ferjekai, som også benyttes som opplag for bilferja.
- Sandøya ferjekai.

TFK kan ikkje krevja anløpsavgifter eller anna vederlag for bruken av fylkeskommunal infrastruktur. TFK har drifts- og vedlikehaldsansvaret for egen infrastruktur.

7 FINANSIERING AV DRIFTA

TFK finansierer 89,6 % og PK finansierer 10,4 % av driftskostnaden. Produksjonen utført på dei kommunale vegsambandet og båtruta sommarstid utgjør over 10 % av totalproduksjonen.

Kostnaden for gratis ferje er trekt ut, då føresetnaden er at det anten finansierast av Staten eller av brukarane. Dersom brukarane finansierer ferjedrifta er den ikkje gratis delar av året.

Eventuell oblatordning for fastbuande i sumarsesongen er ikkje medrekna.

Partane skal i september kvart år utveksle budsjettal for drift kommende år. Estimert driftskostnad ved oppstart av avtala:

År	Driftskostnad inkl. underskott kr	PK	TFK
2024	20,1 mill. (14,3 + 5,8)	2,1	18,0
2025	Ikkje klart		
2026	Ikkje klart		
2027	Ikkje klart		

Driftskostnaden utbetales a-konto på bakgrunn av budsjettall i første kvartal i budsjettåret, og av reines i første kvartal etter regnskapstall for driften.

Beredskapsoppdrag er ikkje omfatta av avtala, men kommunen har rett til å krevje at ferjene om naudsynt vert teke ut av ordinær rute.

Fylkeskommunen er takstmynde for heile sambandet, inklusiv dei kommunale vegstrekningane.

8 HANDSAMING AV STATSTØTTE

TFK har ansvaret for å handtera statsstøtterettslege problemstillingar.

PK pliktar å medverka til handsaminga.

9 JUSTERINGAR/REFORHANDLINGAR

Både partar kan krevje reforhandling av avtala, ved vesentlege endringar i statlege rammevilkår, rutetilbodet eller endringar i infrastrukturen. Eller dersom nye fartøy krev omfattande endringar i infrastrukturen, blant anna ferjekaiene. Reforhandling på anna grunnlag forutset politisk vedtak i organ med relevant myndighet hos den part som krev dette.

10 AVTALEPERIODE

Avtala gjeld i 5 år frå 01.01.2025 t.o.m. 01.01.2030, og vert automatisk forlenga med eitt år av gongen, om den ikkje vert skrifteleg sagt opp innan 01.12 året før.

11 TVISTELØYSING

Partane skal gjere sitt beste for å løye eventuell ueinigheit som måtte oppstå gjennom dialog og forhandlingar.

Twist om forståinga av denne avtala avgjerast av dei ordinære domstolane.

Porsgrunn/Skien, _____ 2024

For Porsgrunn kommune:

For Telemark fylkeskommune:
